

Atle Aas  
Litledalen  
5590 Etne  
[atle@etnespeidar.com](mailto:atle@etnespeidar.com)  
993 54 771

SKL  
Hordaland Fylkeskommune  
Etne kommune

### **Vedkomande utbygging i Litledalen og fylkesveg 36 frå E-134 til Litledalen**

Eg viser til informativt møte med SKL om SKL sine reviderte planar for oppgradering av kraftverket i Litledalen.

På vegne av huseigarar og hytteigarar i Litledalen Velforeining vil eg kome med følgjande innspel:

Det er bra at ein vil oppgradere kommunevegen mellom Litledalen og Hardeland. Her bør ein sjå på ein enklare trase med færre buktingar.

Signala om at brua på fylkesvegen blir oppgradert for lengre køyretøy er og positive. Det er nokre vogntog i åras løp som har mått rygge tilbake til Tesdal for å finne snuplass. Vi ønskjer å vere med i dialog om kva løysning som blir valt, slik at skråvegen opp til grenda blir ivaretatt.

Så vil vi peike på resten av fylkesveg 36. Periodevis er fundamentet dårleg, vegen er svingete med lite sikt og få møteplassar.

Vi ber om at vegen blir oppgradert for å betre sikt og med auke i talet på møteplassar, om han ikkje kan bli brei nok til at personbil kan møte lastebil heile vegen.

Sjølv om det reviderte prosjektet er mindre enn tidlegare signalisert, og det ikkje blir lagt opp til same vanvittige massetransport som sommaren 2014, vil anleggsverksemda nødvendigvis medføre auka belastning på hovudvegen til Litledalen.

Vi håper på positiv dialog vidare.

Med venleg helsing

Atle Aas